



PROTOKOLL
ÅRSMØTE INDRE SUNNFJORD TURLAG 2025

Tysdag 11.februar kl 18.00 – 20.30
Utstillingssalen i Førdehuset

21 frammøtte, stemmeføre medlemmer

Sakliste:

1.Konstituering

- Godkjenning av innkalling
Vedtak: innkalling godkjent.
- Godkjenning av sakliste
Vedtak: Sakliste godkjent.
- Val av ordstyrar
Vedtak: Lise Mari Haugen vald til ordstyrar
- Val av sekretær
Vedtak: Hege Mundal vald til sekretær.
- Val av to til å skrive under protokollen
Vedtak: Dag Solheim og Mildrid Fonn skriv under protokollen.

2. Årsmelding 2024

Ingebjørg Erikstad informerte om hovudtrekk i årsmeldinga frå 2024. Gruppeleiarane som var til stades frå styret sa litt om sin aktivitet. Notis: Feil i innbyggjartal i Fjaler. Magni Kvile skal erstattast med Karen Hornnes i tillitsvalde (seniorgruppa). Dette vert retta i årsmeldinga.

Vedtak: Årsmelding godkjent.

3. Rekneskap 2024

Ingebjørg presenterte rekneskapen for 2024. Ordstyrar las opp melding frå revisor.

Vedtak: Rekneskapen for perioden 1.1.2024 – 31.12.2024 godkjent.

4. Arbeidsplan for 2025

Ingebjørg tok oss gjennom arbeidsplan for 2025.

Vedtak: Arbeidsplan 2025 godkjent.

5. Budsjett for 2025

Ingebjørg tok oss gjennom forslag til budsjett.

Vedtak: Budsjett for 2025 godkjent.

6. Namneendring

Bakgrunn: Innspel på årsmøtet i 2024. Saka vart då oversendt til styret for nærare vurdering før årsmøtet 2025.

Drøfting: Saka vart drøfta i årsmøtet, og det vart uttrykt at ting må modne vidare og at det er naudsynt å kartleggje betre før ei eventuell endring kan gjennomførast. Det vart peika på at saka kan vere aktuell, men at ho treng betre utgreiing og vurdering. Ei forenkling av namnet til "Sunnfjord Turlag" vart diskutert som eit naturleg alternativ.

Prøvevotering: Det vart gjennomført ei prøvevotering om korvidt "Askvoll, Fjaler og Sunnfjord Turlag" skulle vere eit alternativ vidare. Resultatet var einstemmig for at dette forslaget ikkje vert med i vidare arbeid.

Vidare arbeid: Det vart diskutert om styret skal jobbe aktivt med saka eller om ho skal kvile ei stund. Årsmøtet såg ikkje at dette er ei sak som hastar, og at styret tek opp at saka når det er naturleg og ein har kapasitet. Når saka kjem tilbake, må ho vere gjennomarbeidd og ha ei tydeleg tilråding frå styret.

Vedtak: Saka vart drøfta. Det var ikkje gjort realitetsvedtak i saka.

7. Innkome saker

Ingen saker vart spelt inn innan fristen.

8. Val

Hovudstyret:

Leiari: Ingebjørg Erikstad (attval, 1 år)

Styremedlem: Merete Helgheim (ny, 2 år)

Styremedlem: Reidun Kristiansen (ikkje på val)

Styremedlem Sti- og merkenemnda: Anne-Grete Nygjerde (ny, 1 år)

Styremedlem Hyttestyret: Kjell Kleiven (ikkje på val)

Styremedlem Seniorgruppa: Svein Ove Osland (ny, 1 år)

Styremedlem Bre- og fjellsport: Per-Tore Meier (ikkje på val)

Styremedlem Barnas Turlag: Julie Vårdal Heggøy (Ny, 2 år)

Styremedlem DNT ung: Guri Line Brekke (Ny, 1 år)

Styret konstituerer seg sjølv på første styremøte.

Seniorgruppa:

Medlem: Ann Elisabeth Opland (ny, 1 år)

Medlem: Kirsten Sunde (ny, 1 år)

Medlem: Karen Hornnes (ikkje på val)

Vara: John Lien (attval, 1 år)

Bre- og fjellsportgruppa:

Nestleiar: Jarle Øygard (ny, 2 år)

Medlem: Kaia Johansen Viki (ny, 1 år)

Medlem: Rune Kristiansen (ikkje på val)

Vara: Anja Lena Selstad (attval, 1 år)

Hyttestyret:

Nestleiar: Mariann Svingen (attval, 2 år)

Medlem: Per- Tore Meier (ikkje på val)

Medlem: Anders Terje Vie (ikkje på val)

Vara: Jorun Vågen (attval, 1 år)

Merke- og løypenemnd:

Nestleiar: Knut Børge Skurtveit (ikkje på val)

Medlem: Helga Erdal Brenne (ikkje på val)

Medlem: Atle Øen (ikkje på val)

Medlem: Åse Skare (attval, 2 år)

Vara: Magnar Gangsø (attval, 1 år)

Barnas Turlag:

Nestleiar: Steffen Herstad.

DNT ung:

Nestleiar: Oda Janninge Tveiten

Valnemnd:

Jan Bjarte Skrøppa (1 år, leiar)

Lise Mari Haugen (2 år)

Styret får fullmakt til å supplere med nytt medlem for tre år.

Utsendingar til årsmøte i DNT Sogn og Fjordane 15.mars:

Styret får fullmakt til å velje utsendingar.

Underskrift:



Mildrid Flatjord Fonn

Dato: 13.2.2025



Dag Solheim

Dato: 13.2.2025